

## **Årsmelding**

### **for Skolemuseumslaget i Rogaland 2018.**

Årsmøtet for skolemuseumslaget i 2018 blei halde 22. mars på Stavanger Museum. Seks personar møtte. Årsmelding og rekneskap for 2017 blei lese opp og godkjent.

Valet fekk følgjande utfall:

Leiar: Sigmund Sunnanå.

Kasserar: Marta Gudmestad.

Andre styremedlemmer: Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne.

Varamedlem: Sissel Østrem.

Revisor: Kåre Tysland.

Redaksjonsnemnd: Sigmund Sunnanå, Marta Gudmestad, Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne, Sissel Østrem.

Styret har hatt to møte. Styret har arbeidd vidare med å utvikla heimesida for skolemuseumslaget. Fleire nye artiklar er lagt ut. Adressa er blitt forandra frå [www.skolemuseumslaget.no](http://www.skolemuseumslaget.no) til [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no).

Heimesida blei gjort tilgjengeleg i oktober 2017 og til 15. mars 2019 har sida hatt 11 571 besøk, dvs. 20 besøk pr. dag i gjennomsnitt. Dei fleste besøka er korte, 20 sekund i gjennomsnitt, men der er også fleire lengre besøk. 12. mars var det 132 besøk.

Skolemuseumslaget hadde dette året 140 registrerte medlemmer + 40 skolar i Stavanger og 11 i Sola.

Det var 15 utmeldingar.

Laget fekk eit tilskot frå Utdanningsforbundet på kr 5000,- til drift av heimesida.

Styret har arbeidd med å få e-postadressene til medlemmene. Fordi ikkje alle medlemmer har e-post, vil framleis korrespondanse pr. post vera nødvendig.